



Kristian Øvstebø inn til imponerende tid og 3.plass i Søralløpet. Om nokre år får han hard konkurranse av den yngre broren Andre som også imponerte. (Foto: Kvinnheringen/Trude Aarsand)

**Søralløpet vart avvikla i dag med 18 spreke løparar i konkurranseklassen og 364 i trimklassen. Konkurranseklassen vart vunnen av Erlend Nymark Jensen. Dermed gjentok han bedriften frå dei siste åra. Brørne Kristian og Andre Øvstebø frå UIL imponerte med å plassera seg som nummer 3 og 6, og begge nærmar seg vinnaren Jensen.**

Kristian Øvstebø(14) fekk same plassering som i fjor, men på betre tid trass i at løypa i år er 200 meter lengre. I fjor var den 5,8 km medan den etter omlegginga var 6 km. I fjor kom Kristian i mål på 22:59 og var 3 minutt og 43 sek bak Erlend Nymark Jensen i mål. I år pressa han tida ned i 22:01 sjølv om han altså sprang 200 m i tillegg. Vinnartida var i år 19:22(19:16 i fjor), og dermed var differansen fram til vinnaren 1 minutt og 4 sekund mindre enn i fjor. Flott utvikling!! Johannes Heien frå Ternen vart nr.2.

Imponerte gjorde verkeleg òg broren Andre. Han er enno ikkje fylt 11 år, og han kom i mål til ein flott 6.plass på den imponerende tida 25:51.

Også i skuleløpet torsdag gjorde uskedelingar det godt. Viljar Simonnes Tveit(16) vann guteklassen på tida 23:22. Amalie Hovden Rød, Thea Soltveit Taranger og Hanna Tvilde kom på 4., 5. og 6.plass i jenteklassen. Det var til saman 1050 deltakarar i skuleløpet.

På [www.kvinnheringen.no](http://www.kvinnheringen.no) finn abonnentane flotte biletsierar og god dekning både frå skuleløpet og dagens Søralløp.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland